


# Laupen, rev A



Eit nytt og flott klatrefelt som har klatring av høg kvalitet. Rutene ligg tett i tett i ein formasjonsrik vegg som har alt frå sva til svakt overhengande ruter. Dette er ein sjøklippe med mange kreative og varierte ruter frå grad 5 til øvre del av 7 talet. Feltet er litt tungt tilgjengelig, men er absolutt verdt turen!

## Adkomst

Køyr mot Måløy. Ta til venstre mot Vollnes like før Leikong kyrkje og den bratte bakken som byrjar der. Køyr vegen til endes og du er på Vollneset. Parker der. Gå gjennom grinda og på skrå ned mot sjøen. Gå langs fjøresteinane til du nermar deg Laupsneset (omlag 30 minutt). I staden for å gå rundt sjølve neset, går du tvers over eit lite eid (omlag 100m). Her kjem du ikkje vidare utan at du går litt opp

langs ei side med einer omlag 20 meter, før du følgjer ei slags skulder fram til toppen av klippen. Der «stien» endar er to boreboltar som ein kan rapellere ned vegg frå. (Rute 6)

1.?????	40m	5	FH
2. Livet	20m	7	Tsk
3. Inkasso	15m	7-	Tsk
4. Bolteskamm	15m	7-/7	Tsk
5. ?????	15m	6	FH
6. Pizza	20m	6-	Tsk